

Årsrapport 2020

Høgskulen for grøn utvikling



Årsrapport 2020

Innhald

1	Styrets fråsegn	3
1.1	Styret	3
1.2	Overordna vurdering frå styret av resultat og måloppnåing	3
1.3	Sentrale tilhøve for oppnådde resultat 2020	3
1.4	Prioriteringar 2020	4
1.5	Vurdering av moglegheiter og utfordringar	4
1.6	Likestilling, diskriminering og tilgjengelegheit	5
1.7	Samfunnssikkerheit og beredskap	7
1.7.1	Gjennomføring/revidering av ROS analyse	7
1.7.2	Evaluering av kriseøvingar	7
2	Introduksjon til verksemd og hovudtal	8
2.1	Om verksemda	8
2.1.1	Tilsette	9
2.1.2	Studietilbod	9
2.1.3	Bemanning av studietilbod	9
2.1.4	Studentråd	10
2.1.5	Læringsmiljøutval (LMU)	11
2.1.6	Studieutval (STUT)	11
2.1.7	Praksissamlingar	12
2.1.8	Studiesenteret	12
2.1.9	Marknadsføring	13
2.2	Utvalde hovudtal	13
2.2.1	Studenttal	14
2.2.2	Tilsette	14
2.2.3	Eigarar	14
2.2.4	Omsetting og statstilskot	14
2.2.5	Totale inntekter	14
3	Aktivitetar og resultat i 2020	15
3.1	Sektormål 1: Høg kvalitet i utdanning og forskning	15
3.1.1	Kvantitativ styringsparameter	16
3.1.2	Kvalitativ styringsparameter	17
3.2	Sektormål 2: Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling	19
3.2.1	Kvantitativ styringsparameter	28

3.2.2	Kvalitativ Styringsparameter	29
3.3	Sektormål 3: God tilgang til utdanning	29
3.3.1	Kvalitativ Styringsparameter	29
3.4	Sektormål 4: Effektiv, mangfoldig og solid høgare utdanningssektor og forskningssystem	30
3.4.1	Kvalitativ Styringsparameter	31
3.4.2	Kvantitativ Styringsparameter	31
3.5	Midlar tildelte over kap. 275 post 70	31
4	Styring og kontroll i verksemda	31
4.1	Vurdering av internkontrollen	31
4.2	Informasjonssikkerheit	33
4.3	Kriseøvingar	33
5	Vurdering av framtidsutsikter	33
5.1	Framtidige planar	33
5.1.1	Risikovurdering	34
5.1.2	Presentasjon av styret sitt vedtekne budsjett	35
5.2	Utdanningskapasitet	36
6	Førebels årsreknedskap (inkludert leiingskommentar)	37
7	Vedlegg 1 - Årsmelding 2020	37

1 Styrets fråsegn

Årsmelding: Vedlegg 1.

1.1 Styret

Frå 01.01.20 har høgskulen fått ny organisasjonsform og -namn. Den heiter no Høgskulen for grøn utvikling - Stifting (HGUt). Eit helt nytt styre har og tredd inn.

Olav Sande	Styreleiar
Ola Hedstein	Styremedlem
Mirjam Ydstebø	Styremedlem
Tone Åslaug Kringeland	Styremedlem
Marte Dale	Styremedlem, studentrepresentant
Rhys Evans	Styremedlem, tilsettrepresentant
Johan Barstad	Varamedlem, tilsettrepresentant

Rektor, Dag Jørund Lønning, og økonomi- og administrasjonsmedarbeider, Maria Helene Bryne, har møtt fast på styremøta. Styret har hatt 4 møte og handsama 24 bokførte saker i 2020.

1.2 Overordna vurdering frå styret av resultat og måloppnåing

Høgskulen for grøn utvikling (HGUt) vart ei sjølvstigande stifting 01.01.20.

Fram til 31.12.19 heitte organisasjonen Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling (HLB), og var organisert som eit samvirkeleg. Endringa frå HLB til HGUt skjedde grunna offentlege krav til eigarform i privat høgskuleutdanning, men også for å sikra sjølvstende og akademisk fridom i forskings- og utdanningsarbeid.

HGUt overtok alle eigendeler og forpliktingar, inkludert nokre kortsiktige fordringar, som HLB hadde per 31.12.19. Når eigendeler og gjeld frå HLB blei lagt inn, oppstod ein differanse som rekneskapsmessig er klassifisert som meirverdi/Goodwill. Årsaka til denne klassifiseringa er at HGUt gjekk inn i alle kontrakter, tilsetteforhold, merkevarebygging, nettside, elevregistre m.m. som var opparbeida av HLB.

Det foreløpige årsrekneskapet til HGUt viser eit positivt resultat på 87 000,-. Dette er lågare enn budsjettet, men styret vurderer likevel høgskulens måloppnåing og resultater som tilfredsstillande i forhold til fastsatte mål og resultater for 2020.

1.3 Sentrale tilhøve for oppnådde resultat 2020

Budsjettet årsresultat for 2020 var på 500 000,-. Foreløpig årsrekneskap viser derimot eit resultat på 87 000,-. Hovedårsakene til dette er:

- Tap på kortsiktige fordringar.

Avvikling av HLB gjorde det nødvendig å nedskriva dei langsiktige fordringane, inkludert prosjektfordringar. Men grunna noko uvisse knytta til fleira av dei kortsiktige fordringane, blei desse overført til HGUt. Samla hadde dei ein total verdi på ca 600 000,-. I løpet av 2020 blei derimot alle fordringane frå HLB konstatert som tap, og måtte derfor tapsførast på HGUt.

- Lågare prosjektinntekter grunna covid-19.

Høgskulen fikk inn ei rekke nye FoU-prosjekt i 2020. Og eit stort pilotprosjekt i Regenerativt landbruk i Rogaland har fått mykje merksemd. Høgskulen har og sikra eit nesten tosifra tal med nye EØS-prosjekt – dei fleste innanfor kulturminnefeltet. Dette er satsingar i Polen, Tsjekkia, Bulgaria, Slovakia og Romania. Grunna covid-19 blei fleire av prosjekta forsinka eller utsette, og høgskulen har derfor hatt lågare prosjektinntekter enn forventa.

På den positive sida har høgskulens nye fokus på sirkulær økonomi, samt regenerativt (naturfornyande) landbruk og lokalsamfunnsutvikling, blitt svært godt mottatt. Høgskulen har hatt ei auke i studenttalet, og har dermed noko høgare studieinntekter enn budsjettert.

Høgskulen har og hatt fokus på kostnadskontroll. Sjølv om alle fordringane frå HLB måtte tapsførast, var dei totale driftskostnadene berre litt høgare enn det som var budsjettert for året.

HGUt erklærer og at pris på eventuelle transaksjonar mellom tilskotsmottaker og nærstående einingar, og eventuelle internttransaksjonar, er fastsette etter marknadsmessige vilkår.

1.4 Prioriteringar 2020

Dei fremste prioriteringane for 2020 var å arbeida med å styrkje det økonomiske grunnlaget for HGUt gjennom auka inntekter og kostnadskontroll. Det er og lagt stor vekt på å auke studentinntekter og oppdragsinntekter.

1.5 Vurdering av moglegheiter og utfordringar

Styret meiner at dei klart største utfordringane for høgskulen er økonomiske. Dei siste åra har høgskulen vore særst avhengig av oppdragsinntekter for å overleve, og har måtta jobba hardt for å utvikla både studie- og oppdragsverksemd.

Aukande interesse for fleire av dei nye emna innanfor bachelorgraden gjer derimot grunnlag for gode framtidsutsikter på studentinntektsida.

Høgskulen har og fått ei rekke nye forskingsprosjekt, og har difor gode framtidsutsikter også på prosjektinntektsida. Dette vil og gje høgskulen moglegheit til å utvide staben.

Me observerer elles at krava til rapportering har auka monaleg dei par siste åra. Dette legg beslag på stadig meir ressursar i ein liten administrasjon, ressursar som ein i røynda treng til inntektsskaping og sikring av studiekvalitet.

Høgskulen har ikkje planlagt organisatoriske endringar som antas å ville påvirke verksemdas rettslege eller økonomiske stilling.

1.6 Likestilling, diskriminering og tilgjengelegheit

HGUt er ein liten organisasjon som i 2020 har hatt 6 fast tilsette, 1 midlertidig tilsett og 2 med timeavtaler. Ein av dei fast tilsette slutta i stillinga si i mars 2020, og den midlertidig tilsette slutta i oktober.

Fire av dei fast tilsette er menn (67 %) og 2 (33 %) kvinner. Tre av dei fire som sist blei tilsett er kvinner. HGUt har fokus på likevekt mellom kjønn over tid.

Alle tilsette, uavhengig av kjønn og etnisitet, har hatt same rettar når det gjeld løn, arbeidsvilkår, forfremming og utviklingsmoglegheiter i organisasjonen. Løn fastsettast etter statens tariffavtale og blir vurdert på grunnlag av erfaring, utdanningsnivå og stilling hos kvar tilsett.

Liste over tilsette sine stillingskoder fordelt på kjønn:

- **1013 Professor:**

Kjønn:	Antall:	Prosentandel:
Kvinne	0	0
Mann	1	100
Sum	1	100

1 fast tilsett, 1 mann (100%)

- **1011 førsteamanuensis:**

Kjønn:	Antall:	Prosentandel:
Kvinne	0	0
Mann	1	100
Sum	1	100

1 fast tilsett, 1 mann (100 %)

- **1108 Forskar:**

Kjønn:	Antall:	Prosentandel:
Kvinne	1	100
Mann	0	0
Sum	1	100

1 fast tilsett, 1 kvinne (100%)

- **1008 Høgskulelektor:**

Kjønn:	Antall:	Prosentandel:
Kvinne	0	0
Mann	1	100
Sum	1	100

1 fast tilsett, 1 mann (100 %)

- **1408 Førstekonsulent:**

Kjønn:	Antall:	Prosentandel:
Kvinne	2	100
Mann	0	0
Sum	2	100

1 fast tilsett og 1 midlertidig tilsett. 2 kvinner (100 %)

- **1064 Konsulent:**

Kjønn:	Antall:	Prosentandel:
Kvinne	0	0
Mann	1	100
Sum	1	100

1 fast tilsett, 1 mann (100%)

Kjønnsdelt statistikk over arbeidstid

- **Stilling heiltid**

3 tilsette, 3 (100 %) menn

- **Stilling deltid**

4 tilsette, 1 (25 %) menn og 3 (75 %) kvinner

Kjønnsbalansen i organisasjonen sine utval og organ:

- **Styret:**

Styret har 6 medlemmer og 1 varamedlem.

- 50 % av medlemmene i styret er menn, 50 % er kvinner
- Varamedlemmet er mann

- **Læringsmiljøutvalet (LMU)**

LMU har 5 representantar våren 2020

- 60 % av LMU-representantane er kvinner, 40 % er menn

LMU har 6 representantar hausten 2020

- 50 % av LMU-representantane er kvinner, 50 % er menn

- **Studentrådet**

Studieåret 2019-2020

Studentrådet har 4 representantar, alle kvinner. I tillegg er det 3 varamedlemmer, også kvinner.

Studieåret 2020-2021

Studentrådet har 5 representantar

- 60 % av medlemmene er kvinner, 40 % er menn.

I ein liten organisasjon med relativt få tilsette vil ei stilling eller eit verv utgjera mykje på statistikken. Høgskulen er oppteken av å behalde likevekt mellom kjønn i båe stab og verv i organisasjonen over tid.

Med få representantar i utvala vil det vere naturleg at kjønnsfordeling i prosent vil variere frå år til år. Høgskulen har likevel fokus på å prøve å få jamn fordeling mellom kjønn i studentverv.

1.7 Samfunnssikkerheit og beredskap

1.7.1 Gjennomføring/revidering av ROS analyse

I 2018 blei det oppretta ROS-analyse, og denne er behandla i organisasjonsmøtet KALV. Det blei utarbeida eit system for informasjonsikkerheit same år og dette blir behandla årleg av høgskulens leiing. Systemet blei ikkje behandla i 2020, men skal etter planen behandlast i 2021.

HGUt hadde eigen drift- og serviceavtale med Telenor på server knytta til høgskulen fram til 01.10.20. Etter denne datoen har Hjelseth Computers vore ansvarleg for dette. Kong Arthur AS leverer det studieadministrative systemet og Tripletex leverer rekneskapsprogrammet som høgskulen nyttar. Ansvar for sikkerheita ligg hos dei respektive leverandørane av nettbaserte tenester.

1.7.2 Evaluering av kriseøvingar

Det er ikkje gjennomført kriseøvingar i 2020.

Beretning signert av styret:

Olav Sande
Styreleiar
(sign)

Tone Åslaug Kringeland
Styremedlem
(sign)

Mirjam Ydstebø
Styremedlem
(sign)

Ola Hedstein
Styremedlem
(sign)

Rhys Evans
Styremedlem
(sign)

Marte Dale
Styremedlem
(sign)

Dag Jørund Lønning
Dagleg leiar
(sign)

2 Introduksjon til verksemd og hovudtal

2.1 Om verksemda

HGUt er ei sjøveigande stifting og er ein offentlig godkjend privat høgskule som tilbyr fleksible høgskulestudier med fokus på naturnær verdiskaping og lokalsamfunnsutvikling. HGUt tilbyr også landets einaste bachelorutdanning i nyskaping og regenerativ utvikling.


HGUt skal:

- Vere ein aktiv partnar for utvikling av kunnskap, kompetanse og entreprenørskap i norske lokalsamfunn.
- Tilby undervisning på høgskulenivå innanfor grøn samfunns- og næringsutvikling og regenerativ utvikling generelt.
- Driva forskings- og utviklingsarbeid som støttar opp om måla til høgskulen.
- Vere tilgjengeleg for studentar frå heile landet via digital undervisning i alle studier.

Høgskulen sitt motto er: Kunnskap for utvikling!

Kunnskap som blir produsert og formidla ved HGUt skal i størst mogleg grad kunna setjast i aktiv bruk i lokale/regionale utviklingsprosessar.

Organisasjonskart HGUt:



2.1.1 Tilsette

Tilsette 2020

Dag Jørund Lønning	Rektor / Professor / Studieleiar Regenerativt landbruk, NY1 og NY2
Johan Barstad	Forskar/Studieleiar SU2, SØV
Maria Almli	Forskar (i permisjon)
Rhys Evans	Førsteamanuensis/Studieleiar SU1, LSUT
Helene Tråsavik	Studiekonsulent/informasjonsmedarbeidar (slutta i stilling i oktober)
Mikkjell Lønning	Økonomikonsulent (slutta i stilling i mars)
Mara Helene Bryne	Økonomi- og administrasjonskonsulent

2.1.2 Studietilbod

Bachelorutdanninga består av 180 studiepoeng, og studieløpet for graden ser slik ut:

1. studieår

Samfunn og utviklingsarbeid – 60 studiepoeng

2. studieår

Valfrie emne – til saman 60 studiepoeng. Studentane kan velja mellom følgjande emne (alle på 30 stp – emna går når det er nok påmelde):

- Regenerativt landbruk
- Sirkulær økonomi og verdiskaping
- Landskap og utvikling (hausten 2020)
- Hest i næring (ikkje nok påmelde 2020)
- Økonomi og samfunn (ikkje nok påmelde 2020)

3. studieår

Nyskaping og utviklingsarbeid – 60 studiepoeng

2.1.3 Bemanning av studietilbod

Samfunn og utviklingsarbeid, modul 1	Rhys Evans	Studieansvarleg og forelesar
Samfunn og utviklingsarbeid, modul 2	Johan Barstad	Studieansvarleg og forelesar
Regenerativt landbruk	Dag Jørund Lønning Rhys Evans	Studieansvarleg og forelesar Forelesar
Sirkulær økonomi og verdiskaping	Johan Barstad	Studieansvarleg og forelesar
Landskap og utvikling (hausten 2020)	Rhys Evans	Studieansvarleg og forelesar
Nyskaping og utviklingsarbeid, modul 1	Dag Jørund Lønning Rhys Evans	Studieansvarleg og forelesar Forelesar

Nyskaping og utviklingsarbeid, modul 2	Dag Jørund Lønning Rhys Evans	Studieansvarleg og forelesar Forelesar
--	----------------------------------	---

2.1.4 Studentråd

Studieåret 2019/2020

Studentrådet som blei valt hausten 2019, hadde desse medlemmane:

Marte Dale	Leiar, styrerepresentant, representant STUT og LMU	BA
Tonje Berge Eikeland	Nestleiar, representant STUT og LMU	BA
Helene S. Tråsavik	Sekretær	BA
Sissel Anita Kobro	Medlem	BA
Monica B. Fuglestad	Varamedlem, representant STUT og LMU	BA
Kristine Vigrestad	Varamedlem	BA
Ida Refsland Mostafa	Varamedlem	BA

Studentrådet har hatt 1 møte og handsama 9 bokførte saker.

Studieåret 2020/2021

Studentrådet som blei valt hausten 2020, har desse medlemmane:

Marte Dale	Leiar, styrerepresentant, representant STUT og LMU	BA
Helene Nordbø Hansen	Nestleiar, representant STUT og LMU	BA
Viesturs Dauguls	Medlem	BA
Sissel Anita Kobro	Medlem	BA
Trond V. Hovdal	Medlem	ENK
Timo Olover Knoch	Varamedlem	BA
Sidsel Haugen	Varamedlem	BA
Helene Tråsavik	Varamedlem	BA

Studentrådet har hatt 1 møte og handsama 7 bokførte saker.

2.1.5 Læringsmiljøutval (LMU)

LMU skal halda oppsyn med læringsmiljøet ved høgskulen.

Representantar våren 2020

- Marte Dale, studentrådsleiar
 - Monica B. Fuglestad, student
 - Tonje Berge Eikeland, student
- Frå HGUt:
- Dag Jørund Lønning, rektor
 - Rhys Evans
 - Maria Helene Bryne, referent

Representantar hausten 2020

- Marte Dale, studentrådsleiar
 - Helene Nordbø Hansen, student
- Frå HGUt:
- Dag Jørund Lønning, rektor
 - Rhys Evans
 - Johan Barstad
 - Maria Helene Bryne, referent

LMU rapporterer til styret om HGUt sitt arbeid med læringsmiljøet.

LMU har hatt eitt møte i 2020. Normalt vil det vere minst to årlege møter i LMU (vår og haust).

2.1.6 Studieutval (STUT)

Kvart år har HGUt arrangert eit felles møte for alle studieansvarlege. Dette møtet blir arrangert for å evaluere kvaliteten på studieplanar og kurs og sikre at dei er i tråd med gjeldande regelverk til ei kvar tid.

Om STUT (henta frå kvalitetshandboka):

Samansetning:

- Rektor med representant frå administrasjonen som vara
- Alle studieansvarlege ved HGUt
- Minst to studentrepresentantar, kor éin skal vera fra studentrådet.

Utvalet vel leiar for periode på 2 år.

Oppgåver

- A) Kontrollera sjekklister for kvart emne/studie og at studieplanar er i samsvar med studietilsynsforskrifta og dei vilkåra som gjeld for den akkreditering høgskulen har fått
- B) Utvikling av studieplanar (innhald og kvalitet)
- C) Sikre at pensum og undervisning er eigna til å sikre kandidatens kompetanse i relasjon til måla i studiet.
- D) Kontrollere at alle emne er i tråd med bachelorgradens overordna læringsmål
- E) Sikre at undervisninga byggjer på relevant forskning

- F) Kontrollere at eksamens- og vurderingsformene er tilpassa undervisning og rettleiing som blir gitt og skal vere eigna for å nå måla i studiet

Innkalling med sakliste skal vera skriftleg, og det skal skrivast referat frå alle møter.

Det skal heldes to møter kvart studieår (haust og vår)

Referatet skal formidlast til Studentrådet og Læringsmiljøutvalet (LMU). STUT er likestilt på lik linje med andre utval.

STUT har ansvar for å kontrollere at endringar vedteke i utvalet blir følgt opp mellom kvart møte.

STUT skal rapportera til styret minst éin gong i året gjennom *Årsrapport for kvalitet i utdanninga*.

STUT hadde eitt møte i 2020.

Representantar våren 2020:

- Dag Jørund Lønning, rektor
- Maria Helene Bryne, referent
- Johan Barstad, studieleiar
- Rhys Evans, studieleiar
- Marte Dale, studentrådsleiar
- Monica Birkeland, Student
- Tonje Berge Eikeland, student

Representantar hausten 2020:

- Dag Jørund Lønning, rektor
- Maria Helene Bryne, referent
- Rhys Evans, studieleiar
- Johan Barstad, studieleiar
- Marte Dale, studentrådsleiar
- Helene Nordbø Hansen, student

2.1.7 Praksissamlingar

- | | |
|--|------------------------------|
| • SU 2: Praksissamling på Bryne | Fagleiar: Johan Barstad |
| • NYI: Praksissamling i Grüne Woche, Berlin. | Fagleiar: Dag Jørund Lønning |
| • SØV: Praksissamling i Birmingham. | Fagleiar: Johan Barstad |

Regenerativt landbruk skulle hatt praksissamling i California, men denne blei avlyst grunna covid-19.

2.1.8 Studiesenteret

Høgskulen samarbeidde med studiesenteret.no fram til august 2020. Studiesenteret er eit nasjonalt nettverk for utdanning og livslang læring, og organiserer ca 40 studiesenter i 15 fylker. Dei distribuerer studier frå norske utdanningsinstitusjonar til regionar og lokalsamfunn, og fungerer som kontaktpunkt mellom utdanningsinstitusjoner og lokalsamfunn.

Hausten 2020 terminerte studiesenteret avtalen dei hadde med Easymeeting, som var leverandøren av videokonferansesystemet høgskulen benytta seg av. Høgskulen avslutta derfor samarbeidet med studiesenteret i august, og benytta seg av Easymeeting sine tenester resten av året.

Frå 01.01.21 går høgskulen over til å bruke Teams som digital plattform.



2.1.9 Marknadsføring

HGUT er ein liten organisasjon med eit sær s avgrrensa marknadsbudsjett. Dette gjer at me må vera veldig poengterte og målretta i valet av promoteringskanalar. Erfaringa vår frå dei siste åra viser at «vanleg» annonsering har lite eller ingen effekt.

Det som verkar er:

1. At me er synlege i offentleg debatt og i media (redaksjonelt).
2. At studentane våre er nøgde og difor er gode ambassadørar.
3. At me har ei god, oppdatert heimeside og er synlege i sosiale media.

Her meiner me å ha lukkast godt. HGUT er, sett i forhold til storleiken vår, sær mykje i media.

Vår utviklingsorienterte kunnskapsprofil gjer oss til ein relevant samarbeidspartner/kunnskapsformidlar i lokale/regionale utviklingssatsingar. Dette viser seg å vera sær interessant også for media.

Me får elles gode tilbakemeldingar frå studentane våre, både når det gjeld læringsmiljø og læringskvalitet. Dei tillitsvalde blant studentane rapporterer om få negative kommentarar.

Pr 31.12.2020 har HGUT over 5600 følgjarar på Facebook. Jamn og stor auking over dei siste åra er eit signal om at HGUT er samfunnsaktuelle og flinke til å formidle interessante tema.

2.2 Utvalde hovudtal

2.2.1 Studenttal

Talet på studentar på dei ulike modulane i 2020

Fag	Kode	Vår	Haust
Samfunn og utviklingsarbeid I (første år BA)	SU1	11	12
Samfunn og utviklingsarbeid II (første år BA)	SU2	10	11
Landskap og Utvikling	LSUT	0	10
Nyskaping I (tredje år BA)	NY I	9	8
Nyskaping II (tredje år BA)	NY II	5	8
Hest i Næring HiN	HiN	0	0
Regenerativt Landbruk	RL	20	18
Økonomi og samfunn (ØKS)	ØKS	0	0
Sirkulær økonomi og verdiskaping	SØV	8	10
Totalt		63	77

2.2.2 Tilsette

HGUt har i 2020 hatt 6 fast tilsette og ein midlertidig tilsett. 4 av dei 6 fast tilsette er menn i fulltidsstilling. 1 mann og 2 kvinner har redusert stilling. Den midlertidig tilsette er kvinne. Totalt ca 5,1 årsverk.

2.2.3 Eigarar

HGUt er ei sjølveigande stifting, og har ingen eksterne eigarar.

2.2.4 Omsetting og statstilskot

HGUt hadde ca 360 000,- mindre i driftsinntekter enn det som var budsjettet for året. Årsaka til dette er hovudsakleg lågare prosjektinntekter som følgje av covid-19.

I løpet av 2020 har HGUt motteke 2 772 000 kroner i statstilskott frå Kunnskapsdepartementet.

Midlertidig årsresultat viser eit overskot på kr 86 902 og ein eigenkapital på 286 902 kroner.

2.2.5 Totale inntekter

Det foreløpige årsrekneskapet viser ei driftsinntekt på kr 5 959 000,-. Desse består hovudsakleg av statstilskot, studieavgift og oppdragsmidlar.

3 Aktivitetar og resultat i 2020

Høgskulen har hatt som mål å vera ein aktiv partner for utvikling av kunnskap, kompetanse og entreprenørskap i norske lokalsamfunn. Dette har høgskulen jobba aktivt med gjennom forskingsaktivitet og utviklingsarbeid.

HGUt har tilbydd undervisning på høgskulenivå innan nyskaping, samfunnsutvikling og regenerativ utvikling og har vore tilgjengeleg for studentar i heile landet.

3.1 Sektormål 1: Høg kvalitet i utdanning og forskning

Mål for verksemda

Høgskulen tilbyr studier for nyskaparar innanfor naturnært landbruk, for bygde- og lokalsamfunnsutviklarar, etablerarar, for rådgjevarar og tilretteleggjarar, og til dei som vil arbeida med utviklingsoppgåver i organisasjonsliv eller offentleg sektor.

Undervisninga er basert på forskingsbasert kunnskap innan pedagogikk, nyskaping/entreprenørskap, bygdeutvikling, landbruks-/bygdeøkonomi, antropologi, samfunnsgeografi, økologi og miljølære. HGUt legg stor vekt på *utviklingskompetanse* både i forskning og formidling, og har *Kunnskap for utvikling!* som hovudvisjon. I tråd med denne visjonen skal studiet synleggjera og gje grunnleggjande kunnskap om det handlingsrom me har som menneske til å påverka framtida i positiv retning.

Målsetjinga for høgskulen er å produsera og formidla *kunnskap for livskraftige lokalsamfunn*.

Studia blir gjennomførte både på heiltid og deltid, og er lagt opp slik at dei kan gjennomførast av folk som er yrkesaktive. Studentane blir tekne opp enten på grunnlag av formell studiekompetanse eller basert på godkjenning av realkompetanse. Dei fleste studentane er relativt vaksne.

Eksamensresultata og tilbakemeldingane har vore gode frå studentane som har gjennomført eitt eller fleire av studia som HGUt tilbyr. Resultata er kvalitetssikra med bruk av eksterne sensorar på avsluttande eksamenar.

Av dei studentane som startar opp, er det svært få som ikkje fullfører. Vidare er det lite stryk til eksamen.

Høgskulen har motteke Erasmuscharteret frå EU-kommisjonen som basis for internasjonalt utdanningssamarbeid.

Studiar, studentar og studiepoeng

HGUt hadde 140 registrerte studentar på 30-studiepoengseiningar i 2020. Dette er ei god auking frå 2019, då antal registrerte studentar var 105. I 2017 var det 103 studentar, og i 2016 var det 93. Me ser altså ei jamn auking for kvart år.

Det er ein oppgang frå 1095 produserte studiepoeng i 2019 til 1600 i 2020.

Høgskulen jobbar stadig for å få inn fleire studentar og held fram med å gjere studiane tilgjengelege i heile landet via digital undervisning. Det er godt kollektivtilbod nokre minuttar frå høgskulen, og det er og eit godt bibliotek tilgjengeleg i Bryne sentrum, i tillegg er det ikkje langt til kaféar og butikkar. Dette meiner me vil kunne bidra til å gjere høgskulen meir attraktiv.

Høgskulen har i kalenderåret 2020 hatt studentar på bachelorstudia Samfunn og utviklingsarbeid modul 1 og 2, Landskap og Utvikling (haust), Regenerativt landbruk, sirkulær økonomi og verdiskaping, og Nyskaping og samfunnsutvikling modul 1 og 2. Dei aller fleste søker no opptak til HGUt sin bachelorgrad.

Fagmiljø

Høgskulen skal ha eit sterkt og aktivt fagmiljø innanfor lokalsamfunnsutvikling og regenerativ utvikling.

I løpet av 2020 arbeidde HGUt med forskingsoppdrag knytt til tema som dialogbasert arealutvikling, natur- og kulturbasert nyskaping, landskapsutvikling/jordvern, regenerativt jordbruk og næringsutvikling både nasjonalt og internasjonalt. Resultat og erfaringar frå dette arbeidet er i dag trekt aktivt inn i undervisninga ved høgskulen for å sikra forskingsbasert undervisning av høg kvalitet.

Høgskulens internasjonale kontaktar og nettverk vart stadig vidareutvikla gjennom deltaking i ulike EU-program, COST-nettverk, EØS-program, internasjonale kunnskapsnettverk og via invitasjonar til å halda foredrag på internasjonale konferansar og seminar.

HGUt satsar aktivt på det naturnære framtidslandbruket. Forskingsmiljøet ved høgskulen har registrert stor interesse for temaet og vil halde fram med å vidareutvikle fagkunnskapen om det høgproduktive og klimapositive framtidslandbruket.

Publisering og ekstern kontakt

All fagleg produksjon i 2020 er innanfor HGUt sin fagprofil og satsingsområde.

1. Bøker/antologiar

Lønning, Dag Jørund: *Kompostboka – om å byggja natur*. Forlaget Nyskaping.

2. Artiklar i fagfelleverderte tidsskrift

Ingen publiserte artiklar i 2020.

3. Interne rapportar

Ingen interne rapportar i 2020.

4. Foredrag, media og anna formidling

Rektor, Dag Jørund Lønnig, har hatt fleire foredrag om regenerativt landbruk og sirkulær økonomi. Det har også blitt publisert ei rekke kronikkar og bloggar om dette temaet.

Grunna covid-19 blei likevel mesteparten av dei planlagde foredraga utsette eller avlyste (etter mars og ut året).

3.1.1 Kvantitativ styringsparameter

Studieprogresjon

I 2020 blei tre studentar uteksaminerte. Alle tre fullførte utdanninga innan 4 år.

Totalt ni studentar starta på bachelorprogrammet hausten 2017. Av desse fullførte ein til normert tid. Fire studentar planlegg fullføring i 2021, og dei siste fire slutta.

Høgskulen si undervisning er samlingsbasert, difor er det mogleg å kombinera jobb og studier. HGUT sine studentar er relativt vaksne og kombinerer gjerne utdanninga med anna arbeid. Dette er ein av grunnane til at fleire av studentane veljar å studera deltid.

HGUT held fokus på tett oppfølging og god dialog med studentane. Når studentar meldar frå om at dei ønsker å avslutta studiet, vil administrasjonen undersøke kva som er årsaka for valet. Kombinasjon av jobb, familie og studia er den vanlegaste årsaka for at nokre av studentane våre vel å avbryte studiane, det blir for travelt å gjennomføre med jobb og familie utanom.

Høgskulen lagar podcast av dei fleste førelesningane. På dette viset er førelesningane tilgjengelege for studentane på læringsplattforma *moodle*. Framover skal HGUT sjå nærmare på moglegheita for å leggje ut nokre av førelesningane på nett med bilde og presentasjon (video). Fleksibiliteten dette vil gje kan bidra til å hjelpe fleire av studentane våre til å gjennomføre studiane til normert tid.

Tett oppfølging og god dialog med studentane våre er viktig både under og mellom samlingane. Vi har og formelle rutinar for møte med dei valde studentrepresentantane.

3.1.2 Kvalitativ styringsparameter

Organisasjonens arbeid for å sikre studentanes læringsutbytte

I bachelorstudiet i nyskaping og samfunnsutvikling (studiet endra namn hausten 2020 til Nyskaping og regenerativ utvikling) skal studentane læra å sjå med nye auge på ressursane dei har rundt seg; dei menneskelege, dei naturbaserte, dei kulturelle, dei sosiale og økonomiske. Dei lærer å ta i bruk ressursane på nye måtar og bli aktive utviklarar og pådrivarar i forhold til eigen livssituasjon og eige miljø.

Studiet gir grunnleggjande og handlingsretta kunnskap om utviklingsarbeid og sosial, kulturell og økonomisk verdiskaping. Mobiliseringsarbeid er også sterkt vektlagt.

Studiet stimulerer til nyfikenheit, skaparglede, kreativitet og entreprenørskap, og legg difor også opp til samarbeid med forvalting, nærings- og organisasjonsliv.

Høgskulen har Kunnskap for utvikling! som sin hovudvisjon. I tråd med denne visjonen skal studiet synleggjera og gje grunnleggjande kunnskap om det handlingsrom me har som menneske til å påverka framtida i positiv retning.

Oppbygging av bachelorstudiet i nyskaping og samfunnsutvikling/nyskaping og regenerativ utvikling:

Emne	Studiepoeng
Studieår 1: Samfunn og utviklingsarbeid (obligatorisk): Grunnleggjande utviklingstenking, metode kunnskap, innføring i utviklingsarbeid	60
Studieår 3: Nyskaping og utviklingsarbeid (obligatorisk): Kreativitet, ressursutvikling, produktframtaking, sjølvvalt bacheloroppgåve	60

Studieår 2: Valfrie emne	
Økonomi og samfunn: Økonomisk metode i samfunnsperspektiv, framveksten av økonomifaget	30
Sirkulær økonomi og verdiskaping: Verdspotensialet i sirkulærøkonomi, korleis skapa verdier basert på gjenbruk, fokus på regenerativt landbruk, framtidsretta driftformer, praktisk retta	30
Landskap og utvikling: Møte mellom menneske og fysisk miljø, landskap som ressurs, utforsker nye utfordringar og potensial	30
Regenerativt landbruk: Samspel mellom menneske og dei mangfelte naturressursane i landbrukslandskapet, byggjer på grunntankane i Jordbøkene av Dag Jørund Lønning	30
Hest i næring: Går nærare inn i eit breitt spekter av hesteverksemdar og måtar å bruka hesten i næringsutvikling, brei forståing av hesten si rolle i norsk bygdeliv og identitet	30

Dei obliagtoriske emna er lagt opp som to bolkar, kvar på 30 studiepoeng. BA-studiet kan såleis takast på deltid med 30 studiepoeng pr. år, eller som heiltidsstudium med 60 studiepoeng per år. Avhengig av arbeidsinnsats vil såleis heile graden kunna gjennomførast innanfor ein periode på 3 til 6 år. Undervisninga er organisert i samlingar ein eller to gongar i månaden frå september til juni.

Mappeevaluering blir nytta som vurderingsform. Dette sikrar at studentane jobbar jamt med faga heile semesteret. Det er oppgåver mellom alle samlingar slik at studentane får tilbakemelding frå studieansvarleg gjennom heile studieåret.

Bacheloroppgåva er på 20 studiepoeng og er lagt til siste semester i det tredje studieåret (Nyskaping). Den skal vera eit sjølvstendig utviklingsrelatert arbeid som synleggjer at studenten har kunnskap om og forståing av verdiskapingsprosessar og kjeder/nettverk frå ide til produkt/tiltak/verksemd. Arbeidet skal og synleggjera at studenten har grunnleggjande kunnskap om datainnsamling og forskingsmetode. Studenten får utnemnt personleg rettleiar innanfor fagstaben ved HGUt.

HGUt er involvert i ei rekkje forskings- og utviklingsoppgåver knytt til nyskaping, entreprenørskap, regenerativ utvikling, og bygde-/samfunnsutvikling. Høgskulen legg stor vekt på å involvera BA-studentar aktivt i FoU-arbeid der dette er mogleg. Slik involvering gjev brei tematisk kunnskap og utvida kjennskap til forskingsmetode.

Forskinskvalitet på institusjonens satsingsområde

Høgskulen skal vera eit viktig og aktivt kunnskapsmiljø for lokalsamfunnsutvikling og regenerativ utvikling i Noreg.

Alle aktive forskingsprosjekt er knytt til satsingsområde innan fagretninga vår. Me har fokus på framifrå kvalitet på vårt arbeid, som reflekterast i gode resultat og tilbakemeldingar i våre prosjekt.

Høgskulen er mest retta mot aksjonsforskning, og har difor ikkje fullt så mange publikasjonspoeng å vise til, men har ei brei portofolio av prosjekt knytt opp mot næringsliv i Noreg og utlandet. Dei mest relevante resultatindikatorane våre er difor dekking av prosjekt i media, som har vore omfattande. Prosjektaktivitetane våre har fått mykje merksemd, og har ført til debatt om tema me satsar på.

Samspel mellom forskning og utdanning

Høgskulen har ein tett samanheng mellom forskning og utdanning, der alle førelesarane våre er aktivt involverte i fleire prosjekt. Dette blir formidla direkte til studentane, då delar av vårt pensum er basert på eigne forskingsarbeid. Studentane har hatt moglegheit til å delta direkte i prosjekta våre, for å gi dei erfaring med prosjektarbeid innan våre fagområder. Ved studentdeltaking gir me dei praktisk retta kompetanse, som byggast opp av teoretisk kunnskap frå førelesingar.

Me har eit formelt krav om at alle førelesarar skal drive med forskning, for å fremme kompetanse i staben. Me held heile den faglege staben oppdatert på aktive prosjekt, samt gir dei moglegheit til å vere med på utvikling av prosjektet.

Utvikling av fagmiljøet vårt skjer ved stor oppdragsverksemd.

Deltaking i Horisont 2020 og Erasmus+

I 2017 blei høgskulen partner i prosjektet *Social farming in higher education (SoFarEDU)*, eit Erasmus+-prosjekt som strekk seg over tre år. Prosjektet skal jobbe fram læreplanar for høgare utdanning innan grøn omsorg (social farming). Læreplanane som blir utvikla i prosjektet skal vere relevante på tvers av landegrenser. Overordna mål i prosjektet er å forbetre standardarden på kvalitet innan grøn omsorg (social farming) i Europa. Prosjektet var ferdig i 2020.

3.2 Sektormål 2: Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

Høgskulen formidlar kompetanse som er direkte retta mot verdiskaping og omstillingsprosessar. Både forskning og utdanning ved HGUt er utviklingsorientert, og handlar om at ein skal byggje vidare på dei ressursane ein allereie har, og å kunne sjå dei i eit nytt ljós.

Utvikling må skje frå grasrota, gjennom dialog og mobilisering.

Høgskulen har spesialisert seg på å bruka metodar som dialog, mobilisering og brei deltaking på tvers av interessegrupper og sektorar for å få til berekraftig utvikling.



HGUt har særsgode erfaringar og har fått positive tilbakemeldingar på denne tilnærminga i prosjektarbeid.

HGUT satsar på framtidsretta landbruk



I 2017 lanserte professor ved HGUT, Dag Jørund Lønning, *Jordboka – det fantastiske universet under føtene våre*. Kunnskapen som blir presentert i boka har skapt stort engasjement i heile Noreg og i utlandet. Arbeidet utfordrar etablerte «sanningar» om kva landbruk er og kan vera. I 2019 kom oppfølgjaren, *Jordboka II*. Også denne har fått veldig mykje merksemd.


I 2020 blei «*Kompostboka. Om å byggja natur*», også av professor Dag Jørund Lønning, lansert. I samband med utgjevinga inviterte HGUT til ei storstilt feiring av den viktige og framveksande sirkulærøkonomien. Dessverre måtte feiringa avlysast grunna covid-19.

Høgskulen har jobba aktivt med å implementere kunnskapen frå desse tre bøkene inn høgskulens bachelorgrad.

Bøkene set fokus på:

- Korleis kan landbruket bli både langt meir produktivt og langt meir klima-/miljøvennleg
- Om molda kan vera det aller mest effektive klimatiltaket?
- Ulike perspektiv på forholdet mellom menneske og mold: Vart samspel. Brutal øydelegging. Draumen om nærleik til naturen.
- Kompost og kompostering – omdanning av organisk avfall til det viktigaste av alt, levande mold.
- Korleis verdiskaping og naturbygging kan gå hand i hand i framtida.
- Korleis ein lagar og bruker kompost både i hagen og i kommersiell dyrking i jordbruket.

Med utgangspunkt i dette arbeidet vil HGUT halde fram med å utforska korleis den nye kunnskapen om kva mold er og *gjer*, kan bana veg for nye og uhyre produktive samspel mellom menneske og dei skapande kreftene under føtene våre. Eit slikt samspel kan både revolusjonera matproduksjonen,



føra mennesket nærare naturen, og til og med redda klimaet vårt. Skal me lukkast, må mykje endrast; tenkemåtar, handlemåtar, politikk, forvalting, osv.

Den største kunnskapsutfordringa me står overfor i dag, er å oppnå ei langt betre forståing av naturen sine eigne produktive krefter og korleis me kan spela på lag med desse.

Framtidsretta landbruk vil ha ei sentral rolle i forskingsarbeidet ved HGUt framover. I 2020 har høgskulen registrert ei stor interesse for temaet frå fleire hold: politikarar, organisasjonar, potensielle studentar og andre interessantar.

Forskings- og utviklingssatsingar 2020

Følgjande prosjekt har vore aktive:

1. Regenerativt landbruksnettverk Rogaland: Molda som naturbyggjar og klimaløysing

Høgskulen for grøn utvikling, ved professor Dag Jørund Lønning, leiar forskings- og utviklingsprosjektet Regenerativt landbruksnettverk Rogaland. Prosjektet er eigd av Rogaland bonde og småbrukarlag, og mottok økonomisk støtte frå Rogaland fylkeskommune. Prosjektet starta i 2020 og skal gå i tre år.

Gardar frå alle dei fire regionane i fylket (Haugalandet, Ryfylke, Jæren og Dalane) deltek i utprøving av regenerative (naturbyggjande) dyrkingsmetodar. Gardane representerer ei rekke ulike produksjonar både på innmark og utmark; grønsaker, frukt, mjølk og kjøt (sau og ku).

Regenerativt = naturbyggjande

Dei praksisar og teknikkar ein gjerne omtalar under samlenemninga *regenerativt landbruk* har to sidestilte og uhyre viktige målsetjingar; det eine er å fanga CO₂ frå atmosfæren og lagra denne som karbon i molda, det andre er å revitalisera livet og fruktbarheita i matjorda.

Omgrepet regenerativt tyder fornying. Regenerativt landbruk er såleis å fornya natur: Å leggja til rette for at naturen sine eigne næringsskapande og karbonlagrande funksjonar, det intrikate samspelet mellom plantedekke og jordliv som skaper den levande molda, får optimale høve til å verka også i åkeren og enga.

For den regenerative jordbrukaren er natur samarbeidspartnar, framfor krefter ein lyt kjempa *mot*. Dette fører til ein vinn-vinn-situasjon; klimaet på planeten vinn, men det gjer også bonden og landbruket. Nokre av dei mest produktive gardsbruka i verda – rekna i verdiskaping pr. arealeining – nyttar i dag regenerative teknikkar i eiga drift.

Pilotsatsing

Regenerativt landbruk er i framvekst i ei rekke land, men Norge heng endå etter. Det finst pionerar også her heime, men både for det store fleirtalet bønder og for den landbruksinteresserte befolkninga elles, er nok både omgrepet og denne måten å forstå og praktisera landbruk på rimeleg nytt. Dette gjeld også i Matfylket Rogaland.

Dette prosjektet er difor ei pilotsatsing, med potensielt store positive ringverknader både innetter i landbruket men også i måten landbruk blir oppfatta i ålmenta. Prosjektet skal syna korleis matproduksjon effektivt kan kombinerast med naturbygging og kamp mot klimaendringane.

Overordna mål

- Byggja kunnskap om regenerativt landbruk i Rogaland: Klima- og naturgrunnlagstilpassingar, vekst-/produksjonspotensiale innanfor ulike produksjonar, naturgitt, kulturelt og sosialt ressursgrunnlag, potensiale som bygdeutviklingsverktøy (fleire aktørar og fleire hender i molda).
- Visa fram både for omverda og for landbruket korleis landbruksnæringa kan bli eit viktig og effektivt **offensivt** verktøy i kampen mot naturmangfaldstap og menneskeskapte klimaendringar.
- Ta eigarskapen til kunnskapen tilbake til bonden: kvar deltakar skal etter gjennomført prosjekt inneha nødvendig kunnskap for å driva eigen gard med regenerative metodar. Regenerativt landbruk flyttar makt tilbake til primærleddet ved at bonden sjølv eig både kunnskap og innsatsfaktorar.
- Formidla regenerativt landbruk på «rogalandsk» gjennom ei rekkje ulike kanalar innetter i landbruket og utetter i samfunnet elles.

Prosjektleder: Dag Jørund Lønning



2. Social farming in higher education (Erasmus+)

Prosjektet *Social farming in higher education* har jobba fram læreplanar for høgare utdanning innan grøn omsorg (social farming). Læreplanane som vart utvikla i prosjektet skal vere relevante på tvers av landegrensar. Overordna mål i prosjektet er å bidra til høgare standard og betre kvalitet innan feltet «grøn omsorg» (social farming) i Europa.

Prosjektet vart avslutta i 2020.

Prosjektleder frå HGUt: Rhys Evans.



Biletet er henta frå sofaredu.eu

3. CAREFOREST – Taking care of Forests for protecting local and global Ecosystems and human life. (Erasmus+)

Prosjektet fokuserer på

- Å auke kunnskapen om berekraftig stell og vern av skogane.
- Gje folk flest verktøy og kunnskap dei kan bruke for at skogane i Europa skal kunne møte aktuelle utfordringar.
- Verne innbyggjarane mot farar og risiki for menneskelige tap i skogbrannkatastrofer.

Vi satsar på å nå ut til elevar på vidaregåande nivå for å auke deira kompetanse om skogen og klimaendringane. Ved å gå via studentane ser ein mulegheit til at slik kunnskap skal kunne takast vidare med inn i samfunnet. Studentane skal engasjerast i prosjektet med å utvikle kommunikasjonsressursar basert på IKT, særleg ved å ta opp og redigere videoklipp. Dette vil og styrke deira kompetanse på IKT og kommunikasjon

Prosjekt under Erasmus+ programmet. Prosjektet har 6 partnarar frå Noreg, Spania, Portugal og Romania og varer ut 2021.

Prosjektleder frå HGUT: Johan Barstad.



Biletet er henta frå careforest.eu

4. Coburg herregard i Jelsava, Slovakia (EØS-prosjekt)

Coburg herregard er eit unikt bygg frå 1700-talet i den vesle byen Jelsava aust i Slovakia.

Prosjektet er eit steg i ei fullstendig restaurering av herregarden. Herregarden er verna og på den slovakiske Riksantikvaren si prioritetsliste, hovudsakleg grunna si historiske og arkitektoniske betydning, men også for sitt potensiale for at herregarden skal kunne revitaliserast og verte eit verdfullt tilfang til å bidra til lokalsamfunnet og til folk flest sine interesser. Gjennom dette prosjektet skal herregarden gjerast om til eit kulturhus og eit senter for ungdom, minoritetar og kunstnarar. Senteret skal utviklast i tett samarbeid med lokale organisasjonar, kunstnarar og handverkarar så det vil få solid forankring i lokalsamfunnet.



Biletet er henta frå riksantikvaren.no

Norsk partnerskap

Prosjektet skal utføres i samarbeid med tre norske partnarar: Høgskulen for Grøn Utvikling (HGUT), Fjellugla Kompetanse og Norsk Institutt for Luftforskning (NILU). Dei norske partnarane vil mellom anna bidra med kompetanse på lokal utvikling, involvering av lokalbefolkninga og utviklingsarbeid i små kommunar.

Oppstart 2020/2021

Prosjektleder frå HGUT: Johan Barstad

5. «ZICHY»: Restaurering av historisk herregard, Slovakia (EØS-prosjekt)

Denne herregarden vart bygd i den vesle landsbyen Voderady , nord-vest i Slovakia, på 1700-talet av Zichy-familien. Ein av herregardens mest kjente bebuarar var Jozef Zichy (https://en.wikipedia.org/wiki/József_Zichy).

Om prosjektet


Her skal deler av herregarden restaurerast til fordums prakt i tide til å markere 100-årsdagen for Jozef Zichys død i 2024. Mellom anna skal den nordvestre fløya, inklusive kapellet, restaurerast og opnast for ålmenta til bruk ved kulturelle aktivitetar, seminar og utstillingar, særleg kva gjeld tema som kamp mot ekstremisme og inkludering av minoritetar. Fløya vil også inkludere ei ny utstilling om herregarden og om Jozef Zichy sjølv. Herregårdens 'orangeri' skal også restaurerast og brukast som lokale for kulturelle og sosiale aktivitetar og det skal byggast ein sti frå herregarden, gjennom hagen og til orangeriet – for å gjere dette meir tilgjengelig for alle som kjem innom.

Prosjektet skal involvere lokale studentar, både innan kunst og handverk, i restaureringsprosessen.

Høgskulen for Grøn Utvikling (HGUT) deltek som norsk partner i dette prosjektet. Vi vil bidra med kompetanse om lokal involvering og aktiv deltaking frå lokalbefolkningen.

Dette prosjektet har oppstart i 2020 og går i tre år.

Prosjektleder frå HGUT: Rhys Evans



Biletet er henta frå riksantikvaren.no

6. «VILA KULTURA» Restaurering av ein funksjonalistisk villa i Nitra, Slovakia (EØS-prosjekt)

Vila Kultura skal restaurerast attende til slik huset såg ut då det vart oppført i 1934 – både fasaden, interiøret og området rundt villaen skal restaurerast. I denne prosessen skal lokale håndverkere og håndverksstudenter involveres.

Vila K skal gjerast tilgjengelig for publikum. I andre etasjen skal det etableres lokale for kulturelle aktivitetar, diskusjoner, bokbad, etc. Deler av bygninga skal også gjerast om til kunstnarbustad (artist in residence). Første etasje skal først og fremst være eit museum som viser dagligliv i Nitra på 1930-tallet og skal utformes som et autentisk funksjonalistisk hjem.

Husets historie er tett knytt til historia om dei slovakiske jødane, da både villaens første eigarar og arkitekten sjølv var jødiske. I 2021 skal det derfor haldast fleire arrangement, m.a. samtalar om Holocaust med skuleelevar, for å markere at det er 80 år sidan innføringa av dei anti-jødiske lovene i Slovakia. Museet i villaens første etasje vil også ha ein utdanningsdel, der skuleelevar vil få lære om deporteringa av jødar fra Nitra under andre verdskrigen. Den funksjonalistiske 1930-tallsheimen, som utgjer museet, skal også illustrere kor raskt eit samfunn kan gå frå demokrati til diktatur, og vise dagleglivet i denne perioden.



Biletet er henta frå riksantikvaren.no

Høgskulen for Grøn Utvikling (HGUT) deltek som norsk partner i dette prosjektet. Vi bidreg med kompetanse om lokal involvering og korleis få aktiv deltaking fra lokalbefolkningen.

Prosjektet har oppstart i 2020.

Prosjektleder frå HGUT: Johan Barstad

7. «DRAGON» Restaurering og revitalisering av Beckov slott, Slovakia (EØS-prosjekt)

På ei klippe ved landsbyen Beckov i vest-Slovakia ligg ruinene av Beckov slott. Slottet vart truleg bygt midt på 1200-tallet som ein del av grenseforsvaret til det dåverande ungarske kongeriket.

Om prosjektet

Beckov slott er ein av dei mest besøkte turistattraksjonene vest i Slovakia, men det manglar mulegheit for å arrangere sosiale, kulturelle eller kommersielle aktivitetar innomhus.

Prosjektet “DRAGON: **Do** Reconstruction Authentically and **Go On**” skal restaurere og revitalisere slottets vestfløy. Denne er i tre etasjer, som alle skal restaurerast så autentisk som muleg, men ta omsyn til moderne krav til komfort. Roma i kjelleren skal brukast til fritids- og utdanningsaktivitetar, museumsutstillingar, samt eit overnattingsrom. I første etasje ligg Riddarhallen, som skal setjast i stand til å romme større sosiale og kulturelle arrangement. Knytt til Ridderhallen skal det tillagast fleire rom som kan ha ulik funksjon etter behov, men som i utgangspunktet skal brukast til utstillingar og framstillingar av Beckov slotts historie og arkitektur. Andre etasje skal vere open, først og fremst for å la besøkande komme nærare de autentisk restaurerte vindauga for å sjå detaljane der.

Høgskulen for Grøn Utvikling deltek som norsk partner i dette prosjektet og bidrar m.a. med kompetanse om korleis lokalbefolkninga kan involverast i prosjektet og i den vidare drift/utvikling av slottet.

Prosjektet starta opp så vidt i 2020, og skal gå i tre år.

Prosjektleder frå HGUT: Rhys Evans



Biletet er henta frå riksantikvaren.no

8. «MaHoLa»: Restaurering av Motesický herregard i Ladce, Slovakia (EØS-prosjekt)

Denne herregarden vart ble bygd i 1747 av Motešický-familien. Etter over 250 år med bruk som bustad, kloster og sovesal for den lokale kostskulen, men utan naudsynt vedlikehald, skal delar av herregarden no restaurerast og takast i bruk som kultursenter.

Om prosjektet

I dette prosjektet skal vestfløya med sine to tårn restaurerast. Etter restaurering skal eit rom i vestfløya gjerast om til utsalsstad for lokale varer, og roma i dei to tårna skal huse utstillingar om herregardens historie, Motešickýfamiliens historie, og lokal jødisk historie. Det vil også vere rom der for midlertidige utstillingar med lokale kunstnere.



Biletet er henta frå riksantikvaren.no

Høgskulen for Grøn Utvikling (HGUt) deltek som norsk partner i dette prosjektet og vil m.a. bidra til å involvere lokalbefolkningen i å utvikle herregården som kultursenter for landsbyen.

Prosjektet har oppstart i 2020/2021.

Prosjektleder frå HGUt: Johan Barstad

9. Forprosjekt Ognå Andelslandbruk

Forprosjektet vil ha følgjande aktivitetar:

- Gjennomføre ein analyse av området og kva det vil innebera (av arbeid og kostnader) å opparbeida dette til «landets tøffaste andelslandbruk». Presentera ulike modellar for full eller delvis opparbeiding.
- Vurdera det direkte og det indirekte inntekspotensialet til prosjektet.
- Gjera ei enkel vurdering av rekrutteringspotensialet til prosjektet.
- Planleggja og gjennomføre eit informasjons-/rekrutteringsmøte for prosjektet.
- Skissera ein enkel driftsmodell for andelslandbruker inkl. utvikla forslag til andelskontrakt.
- Skriva ein forprosjektrapport med konklusjonar.

Prosjektleder: Dag Jørund Lønning

10. Den kulturelle skulesekken Rogaland (Rogaland fylkeskommune, kulturavdelinga)

Oppdraget gjeld turné med produksjonen «The biggest little farm».

11. For Clean air in Kyustendil, Bulgaria (EØS-prosjekt)

Prosjektet har som mål å auke samfunnsengasjement, stimulere initiativ og frivilligheit og endre haldningar hjå innbyggerne i Kyustendil kommune for bidra til å betre luftkvaliteten.

Kyustendil er mellom dei kommunene som framleis rapporterer om stor luftforurensning. CO₂-utslepp til luft er ofte dobbelt så høgt som gjennomsnittet i landet elles, noko som påverkar miljøet, kvardagen og helsa til innbyggjarane.

Prosjektet har som mål å etablere bærekraftige modellar for å auke samfunnsengasjement for miljøvern og for å betre luftkvaliteten i Kyustendil kommune. Dei spesifikke måla er å byggje partnerskap mellom institusjonar, verksemder, skuler og borgarar til felles initiativ for å betre luftkvaliteten, endre haldningane til innbyggjarane og auke deira medvit om personleg ansvar og bidra til å betre luftkvalitet i kommunen og til å ta inspirasjon frå norske erfaringar med berekraftig utvikling av lokalsamfunn gjennom aktiv involvering av innbyggjarane (PEM – Participation, Mobilization and Empowerment).

Prosjektet går i 2020 inn i 2021.

Prosjektleder frå HGUt: Johan Barstad

12. Active farmers. Engaging students and farmers to develop collaborative methods in Bulgaria.

I dette prosjektet har ein som mål å bruke norske erfaringar med samarbeid og partnerskap til å gjere det muleg at det vert bygt aktive samarbeid mellom studentar ved landbruksuniversitetet og bønder på lokalt nivå. Målet er at det skal utviklast samarbeidsrelasjonar og at dette skal bidra til meir miljøvenlege og berekraftige praksisar.

Prosjektleiar frå HGUt: Rhys Evans

Prosjektet går i 2020 inn i 2021

13. «Opportunity for young people to express themselves – establishment of a youth center in Gabrovo», Bulgaria (EØS-prosjekt).

Dette er eit stort prosjekt for HGUt – høgskulens (vesle) del i totalprosjektet utgjer åleine kring to millionar kroner over tre år. Formålet med dette prosjektet er å etablere eit ungdomssenter i Gabrovo der komplekse tenester tilbys for unge menneske mellom 15 og 29 år, inkludert unge menneske frå sårbare grupper, som oppfyller høye standardar for ungdomsarbeid og dekkjer behov og ønskje hjå unge menneske.

HGUt skal bistå i arbeidet med å forankre aktivitetane i lokalsamfunnet, i arbeidet med sårbare og svake grupper, og å byggje gode partnerskap mellom offentlege, private og frivillige aktørar.

Prosjektleiar frå HGUt: Rhys Evans

Prosjektet starta så vidt opp før jul 2020, og vil gå dei neste tre åra

14. «Conservation and Restoration of the 14 c. Castle in Lidzbark Warmiński – te Pearl of Gothic Architecture in Poland – stage III” (EØS-prosjekt)

Dette er eit samarbeid mellom Museum of Warmia and Mazury frå Nordaust i Polen, Høgskulen og Tidvis Utvikling (som er eit konsulentfirma etablert av bl.a. Ragnhild Hutchinson som var tilsett på HGUt tidlegare). Slottet (ein fordums erkebisp-residens) har også tidlegare motteke støtte frå EØS-midlane. I denne runden er det m.a. planlagt å revitalisere det gamle kjøkenet og etablere hage for spiselege vekstar.

HGUt skal bidra med det å involvere lokalbefolkninga aktivt, å gjere det muleg å bruke slottet som ressurs i lokal, småskala næringsarbeid og partnerskap mellom offentlege, private og frivillige aktørar

Prosjektet starta så vidt i 2020, men ordinær oppstart med aktivitet frå HGUt startar i 2021. Varigheit tre år

Prosjektleiar HGUt: Rhys Evans

15. «Improving access to cultural resources in Plonsk», Polen (EØS-prosjekt)

Rekonstruksjon, renovering og tilpassing som moderne lokalsamfunnsinstitusjon av den historiske jarnbanestasjonen og vasstårnet i byen. Vidare skal ein artbeide med å utvikle området til del av museumsstrukturen i Plonsk-regionen.

Som ein del av samarbeidet vil HGUt støtte Plonsk med erfaring innan bruk av lokale ressurser til lokal utvikling.

Prosjektet starta så vidt i 2020, men ordinær oppstart med aktivitet frå HGUt startar no i 2021. Varigheit tre år.

Prosjektleder frå HGUt: Johan Barstad

16. Restaurering og revitalisering av Marghiloman herregard, Bukurestu-regionen, Romania (EØS-prosjekt)

Marghiloman herregard vart bygd i 1869, og var opphavleg ein overgåddig, luksøriøs landstad.

No skal herregarden restaurerast og gjerast om til eit kulturhus for lokalbefolkninga. Prosjektet har fleire partnarar som skal bidra. Sonoro og the Paper Mill Association skal arrangere henholdsvis musikkundervisning for lokale barn og opplæring i tradisjonelt håndverk for unge og voksne. Dei skal også tilby opplæring i på desse områda til lokalbefolkninga så de sjølve kan ta det vidare ansvaret for desse.



Biletet er henta frå riksantikvaren.no

HGUt deltek som norsk partner i dette prosjektet og bidreg med kompetanse om korleis involvere lokalbefolkning og gjøre kulturhuset økonomisk bærekraftig.

Prosjektet har så vidt starta i 2020 og går i tre år.

Prosjektleder frå HGUt: Rhys Evans

17. Druziva Social Farming in Slovakia (EØS-prosjekt)

Prosjektet skal hjelpe «Social Farming»-sektoren i Slovakia å styrke sitt nærvær og bidrag til samfunnet, samtidig som det gir multifunksjonelle gardsinntekter til småbruk der.

Rhys Evans frå HGUt skal vera hovедtaler på ein konferanse i Nitra hausten 2021.

Prosjektet har så vidt starta i 2020 og går i to år.

Prosjektleder frå HGUT: Rhys Evans

3.2.1 Kvantitativ styringsparameter Samfunnsrelevans

HGUt har hatt ei oppdragsinntening på 3 166 000 kroner (derav 1 700 000 i studieinntekter) i 2020. Dette er fordelt på 3 faglege årsverk. HGUt har jobba hardt for å oppretthalde statusen som ein viktig samfunnsaktør og fagleg partnar innan arbeidsområda våre, både regionalt og nasjonalt.

3.2.2 Kvalitativ Styringsparameter

Samfunnsrolle

HGUt er landets einaste integrerte fagmiljø for lokalsamfunnsutvikling og regenerativ utvikling. Både forskings- og utdanningsarbeidet har stor lokal og regional relevans. Høgskulen er aktivt inne som utviklingsaktør i ei rekke lokale/regionale satsingar, og våre studentar er leiande endringsaktørar i eigne heimbygder.

HGUt jobbar direkte inn mot lokale aktørar, samt kommunar og fylkeskommunar i oppdragsaktiviteter. Då fleire av prosjekta våre er finansierte av desse partane, har me eit nært forhold til lokalt næringsliv, og regionale aktørar. Me har fått ein leiande rolle knytt til våre faglege satsingsområde i regionen.

3.3 Sektormål 3: God tilgang til utdanning

HGUt tilbyr digital undervisning i alle fag gjennom studiesenteret.no og Easymeeting (Teams frå 01.01.21), og er dermed tilgjengelege for studentar i heile landet.

HGUt har lokale midt i Bryne sentrum. Lokalisering i det svært iaugefallande Serigstadbygget, midt i Bryne, gjev eit godt utgangspunkt for å bli meir synlege og tilgjengelege enn me har vore tidligare. HGUt satsar på at suverent kollektivtilbod og mange sosiale tilbod rett utanfor inngangsdøra vil bli viktig når det gjeld å trekkja nye studentar. I 2020 fekk me besøk på kontoret av fleire som la merke til høgskulen og som var interesserte i utdanningstilbodet vårt, og fleire av desse valte å starte på BA-programmet same haust.



3.3.1 Kvalitativ Styringsparameter

Fram til hausten 2020 samarbeidde høgskulen med Studiesenteret. Studiesenteret organiserer nær 40 studiesentra og har lokalar og ressursar tilgjengeleg i 15 fylker. Organisasjonen jobbar for at

distrikts-Noreg skal ha same utdanningstilbod som dei store byane. Studiesenteret.no er offentleg eigd og har eit ikkje-kommersielt formål.

Formålet med samarbeidet med studisenteret var moglegheita til å skape små studentfellesskap der studentane bur og leggja til rette for å nytte lokalsamfunnet sitt i oppgåver og case. HGUt utdannar menneske til å sjå med framtidsauge på ressursane rundt seg og utviklingspotensialet i sitt eige miljø, og det er eit viktig poeng for høgskulen å få med studentar frå heile landet. På denne måten kan studentane lære av kvarandre, la seg inspirere, utveksle erfaringar og få verdifull kunnskap om utfordringar og tiltak som finnes rundt i bygdene.

Hausten 2020 avslutta studiesenteret samarbeidet sitt med Easymeeting, som var leverandøren av videokonferansesystemet til høgskulen. Høgskulen hadde dermed lite utbytte av å fortsette samarbeidet med studiesenteret, og valte derfor å seie opp avtalen. Høgskulen forstatte å benytta seg av Easymeeting sine tenester ut året, og skal frå januar 2021 gå over til å bruke Teams som digital læringsplattform.

Følgjane studiesenter som deltok i prosjektet i 2020, var:

- Tynset
- Kvam
- Valdres
- Vadsø
- Tinn
- Askim
- Moss
- Nord-Troms
- Vefsn
- Meløy
- Rauma/Åndalsnes
- Kragerø
- Orkdal
- Gjøvik/Dokka
- Eidsfjord

Høgskulen har hatt gode erfaringar med denne typen fleksibel utdanningstilbod. Hovudutfordringa har vore å inkludera studiesenterstudentane i det sosiale klassemiljøet. Høgskulen har løyst dette med å leggje studieturane/praksisvekene så tidleg som mogleg i semesteret slik at studentane får eit fysisk møte i starten på studieåret. Dette har fungert godt og skulen har fått gode tilbakemeldingar frå studentane. Administrasjonen held og fokus på å vere tilgjengelege for studentane som studerer via studiesenter slik at dei får same oppfølging og like rask respons som studentane på campus.

3.4 Sektormål 4: Effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanningssektor og forskningssystem

Kunnskap som blir produsert og formidla ved HGUt skal i størst mogleg grad kunna setjast i aktiv bruk i lokale/regionale utviklingsprosessar. HGUt satsar og på internasjonale prosjekt.

3.4.1 Kvalitativ Styringsparameter

Langsiktig økonomisk planlegging

Budsjettet til HGUT skal reflektere satsinga på forskning og utdanning, der målet er ein berekraftig og solid økonomi som kan støtte opp om aktivitetane våre. Me har likevel relativt låg omsetning, og jobbar hardt mot å byggje opp den økonomiske situasjonen for å gjere rom for utvikling av stab og kapasitet for forskning/utdanning.

Solide fagmiljø

HGUT har spissa fokus på dei områda me er gode på, og vil halde fram med å byggje staben innan dei områda. Pr no har me ingen planar om å utvide vårt faglege fokus med nye gradar. Me vil i staden arbeida med å styrka eksisterande satsing på regenerativ samfunnsutvikling.

3.4.2 Kvantitativ Styringsparameter

Kjønnsbalanse i faglege toppstillingar

I 2020 var det ingen kvinner tilsett som dosent eller prosessor ved skulen.

Effektivitet i utdanning

Sjølv om me har få fagleg tilsette, har me kapasitet for auka studenttal. Det er rapportert ca 500 studiepoeng per fagleg tilsett.

3.5 Midlar tildelte over kap. 275 post 70

HGUT har ikkje motteke tiltaksmidlar over kap. 275 post 70. Vårt einaste tilskot er ordinært statstilskot (kap. 260).

4 Styring og kontroll i verksemda


4.1 Vurdering av internkontrollen

Vår vurdering er at høgskulen har god styring og kontroll. HGUT er ein liten og gjennomsiiktig organisasjon med to oppdrag; utdanning og forskning.

Utanom dei formelle organa og utvala er det god kommunikasjon mellom både leiinga, forskarane, forelesarane og administrasjon. Alle tilsette sitt på same gang (både fagstab og administrasjon) og det er dagleg kontakt mellom alle ledd.

I samanheng med arbeidet som starta i 2016 med utvikling og forbetring av HGUT sitt kvalitetssikringssystem, har høgskulen definert og formalisert fleire utval og kommunikasjonsarenaer. I 2020 har det vore møter i alle utval og høgskulen fortsett å utvikle og forbetre disse arenaene.

Oversikt over dei ulike utvala ved HGUT:



1. LMU- Læringsmiljøutvalet

Læringsmiljøutvalget har ansvar for å følge opp læringsmiljøet ved HGUt og har som oppgaver å:

- A) Bidra til at bestemmelsene i Lov om universiteter og høyskoler § 4-3 Læringsmiljø blir gjennomført ved HGUt.
- B) Delta i planleggingen av tiltak vedrørende læringsmiljø
- C) Nøye følge utviklingen i spørsmål som angår studentenes sikkerhet og velferd
- D) Føre tilsyn med høyskolens oppfølging av studenter med funksjonshemninger
- E) Vurdere bibliotekstjenesten (hovedansvar ligger hos administrasjon)
- F) Eksamensavvikling
- G) Pensumtilgang
- H) Klagemuligheter for studenter
- I) Faglig og administrativ oppfølging i læringsprosessen
- J) Utdanningsplaner (hovedansvar STUT, som rapporterer til LMU)
- K) Følge opp studentevalueringer
- L) Studiekvalitet, studiemiljø og studentvelferd generelt

2. KALV - Utval for Kompetanse, administrasjon, læring og vurdering

Alle tilsette ved HGUt samlast månedleg. Dette er ein arena som gir alle tilsette moglegheit til å komme med orienteringar og innspel. Faste punkt på møtet er:

- Orientering frå rektor
- Akkvisisjon
- Oppfølging/orientering om aktive prosjekt
- Studia/forelesningar

3. STUT - Studieutvalet

Beskrive i punkt 2.1.6

4. KU - Kunnskapsutvalet

KU er eit utval som synleggjer og drøfter kor HGUt er i dag og kva retning høyskolen skal jobbe mot.

KU har som ansvar å:

- Kartlegge kunnskapen vi har

- Komme med innspel til aktuelle kunnskapstema
- Legge en kunnskapsstrategi for det kommande året

Samansetning KU:

- Rektor
- Alle studieansvarlege ved HGUt
- Representant frå administrasjonen

Styreleier inviterast og på møta.

Det er viktig for HGUt å vera ein spissa kunnskapsaktør på samfunnsutviklingsfeltet. Høgskulens fagmiljø må derfor jobba tett for å sørge for at forskning og kunnskapsprofilen heile tida er i tråd med overordna mål og visjon. I eit relativt lite forskningsmiljø er det viktig at alle ressurser blir fokusert på relevante prosjekt som byggjer og hever kunnskapsnivået på satsingsfeltet.

Det skal heldes minst eitt møte kvart år. Møtet blir lagt til hausten.

Det skal leggjast ved rapport frå KU i *Årsrapport for kvalitet i utdanninga*.

Høgskulen følgjer elles gjeldande lovar og reglar for private høgskular.

4.2 Informasjonssikkerheit

HGUt hadde eigen drift- og serviceavtale med Telenor på server knytta til høgskulen fram til 01.10.20. Etter denne datoen har Hjelseth Computers vore ansvarleg for dette. Kong Arthur AS leverer det studieadministrative systemet og Tripletex leverer rekneskapsprogrammet som høgskulen nyttar. Ansvar for sikkerheita ligg hos dei respektive leverandørane av nettbaserte tenester.

4.3 Kriseøvingar

Det er ikkje gjennomført kriseøvingar i 2020.

5 Vurdering av framtidsutsikter

5.1 Framtidige planar

Høgskulens satsing på regenerativt landbruk og regenerativ utvikling har skapt stor merksemd og auka studentinntekter. Utvikling av både prosjekt, kurs og fagmiljø på dette feltet held fram.

Med eit stort behov i samfunnet for omstilling satsar HGUt på å gjere kunnskap om involvering og deltaking i utviklingsprosessar tilgjengeleg for både offentleg og privat sektor. Som kunnskapsleverandør på nyskaping- og utviklingsfeltet skal HGUt vere aktive formidlarar av både kurs og forskning til offentleg og privat sektor.

5.1.1 Risikovurdering

Risiko:	Tiltak:
Sviktande oppdragsinntekter HGUt er avhengig av at alle fagtilsette hentar inn prosjektmidlar.	HGUt held fokus på akkvisisjon og på at alle fagtilsette aktivt søkar på forskingsmidlar, både kommunale, regionale, nasjonale og internasjonale. Det er faste møte (annankvar månad) der alle tilsette har ein gjennomgåing av akkvisisjon. Alle fagtilsette har sjølvstendig ansvar for å skaffe oppdragsinntekter, men det er likevel viktig med eit forum der fagmiljøet samlast og har ei kunnskapsutveksling og idémyldring rundt framtidige oppdragsmulegheiter. Dette gir også ein god oversikt over søknadsaktivitet og at den heile tida er i tråd med høgskulen sitt samfunnsoppdrag.
Regional nedgang i nærområde Den regionale nedgangen i nærområde kan påverke både studenttal og oppdragsinntekter frå privat næringsliv.	Organisasjonen satsar på å driva meir oppsøkande oppdragsverksamdom. I tillegg til å søkja på utlyste prosjekt skal HGUt sjå mulegheiter i både privat og offentlig sektor og aktivt presentere sin kompetanse der den er relevant.
Statistikken visar at fleire studentar søker seg til utdanningar som gjer jobb i det offentlege	Høgskulen utdannar endringsagentar, utviklingskompetanse er nøkkelordet i bachelorgrada vår. Dette er viktig kunnskap i nedgangstider og difor er det viktig at organisasjonen er synlege på arenaer der omstilling er tema. Me har køyrd marknadsføringskampanje i sosiale media med dette som tema.
Lite kjent studietilbod HGUt er ein liten aktør med relativt få studentar.	Me arbeidar kontinuerleg for å synleggjere studietilbodet. Det er og fokus på å vere synlege i media for å gjere kunnskapsmiljøet endå meir kjent. Med over 5600 følgjarar på Facebook når høgskulen ut til mange. Dette er ein viktig kanal for å marknadsføre studietilbodet. Me jobbar aktivt for å stadig vere meir synlege i sosial media. Bevisst fokus på god oppfølging og tilrettelegging for eksisterande studentar er og viktig for å gjere oss meir kjent og attraktive. Med relativt få studentar kan me

	følgje kvar enkelt tett opp. Dette er viktig for at eksisterande studentar vil anbefale studiane til potensielle søkarar.
Studietilbod som ikkje «automatisk» gir jobb	Studieleiarar har ansvar for å forberede studentane på å «selje inn» utdanninga til potensielle arbeidsgivarar. Det skal satsast endå meir på dette i år 3 av bachelorutdanninga i framtida. Entreprenørskap har og fokus i utdanninga. Fleire av studentane våre er i gong med/planleggar eigne føretak. Utdanninga gjer gode verktøy for å lukkast med dette.
Få tilsette ved HGUT	Me jobbar aktivt for auke i både oppdragsinntekter og studenttal. Om høgskulen lukkast med dette vil det gje mulegheit å auke talet på tilsette. Arbeide med dette er skildra i tiltaka ovanfor.

5.1.2 Presentasjon av styret sitt vedtekne budsjett

Tabell: Budsjett for 2020 og 2021 samt rekneskap for 2020

	Budsjett 2021	Budsjett 2020	Regnskap 2020	
Driftsinntekter				
Studieavgift	2 033 796	1 600 000	1 702 000	
Statstilskot	2 572 000	2 772 000	2 772 000	
Prosjektinntekter	4 000 000	1 800 000	1 359 400	
Støtte frå Rogaland Fylkeskommune	400 000			
Andre inntekter	100 000	150 000	125 600	
Sum driftsinntekter	9 105 796	6 322 000	5 959 000	
Driftskostnader				
Innleid undervisning, annen fremmed teneste	300 000	300 000	134 000	
Lønnskostnader	4 587 165	3 339 086	3 397 000	
Ramme nytilsette	800 000			
Avskrivninger	186 000	70 000	186 000	
IKT, årsavgifter, utstyr, bistand,	510 000	455 000	500 000	

Regnskap og revisjon	60 000	55 000	55 000	
Reklame, markedsføring	250 000	150 000	101 000	
Reise- og møtekostnader	150 000	150 000	102 000	
Prosjektrelaterte kostnader, ves. reise	600 000	500 000	77 000	
Husleige	470 000	454 460	460 000	
Tap på fordringer/kontrakter			650 000	
Andre kostnader	250 000	245 540	165 000	
Sum driftskostnader	8 163 165	5 719 086	5 827 000	
Driftsresultat	942 631	602 914	132 000	
Netto finans	- 30 000	- 25 000	-45 000	
Resultat før skatt	912 631	577 914	87 000	
Skattekostnad	0	0	0	
Årsresultat	912 631	577 914	87 000	

Budsjettverknader av prioriteringar og vurdering av framtidsutsikter

Høgskulen for grøn utvikling vart oppretta som ei sjølv eigande stifting 01.01.20. Før dette hette organisasjonen Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling (HLB).

HLB innbetalte kr 200 000 i stiftelseskapital for HGUt frå sin bankkonto. Det var ingen eksterne som skaut inn kapital. HGUt overtok alle eigendeler og forpliktingar som HLB hadde per 31.12.19, og HLB vart deretter oppløyst og sletta.

Når eigendeler og gjeld frå HLB vart lagt inn, oppstod ein differanse som rekneskapsmessig er klassifisert som meirverdi/Goodwill. Årsaka til dette er hovudsakleg at HGUt gjekk inn i alle kontraktar, tilsetteforhold, merkebygging, nettside, elevregistre, m.m., som var opparbeida av HLB.

Før HLB vart avvikla og sletta, vart alle langsiktige fordringar nedskrivne. Nokre av dei kortsiktige fordringane vart overført til HGUt, då det var god sannsynlegheit for å få innbetalt det som var utestående for desse. Dessverre blei alle fordringane frå HLB konstatert tapt i løpet av året, og måtte derfor førast som tap for HGUt. Fordringane hadde ein samla verdi på ca kr 600 000.

Covid-19 satte også ein brems for fleire av prosjekta, og HGUt har difor hatt lågare prosjekttinntekter enn det som var budsjettert for året.

Rammevilkåra for vidare drift framover er betre. Høgskulen får litt mindre i statstilskot, men forventar høgare student- og prosjekttinntekter grunna satsinga på grøn verdiskaping.

5.2 Utdanningskapasitet

HGUt tilbyr ei bachelorgrad og har ingen planar om å utvide i bredda. Denne utdanninga er eit viktig bidrag til HGUt si samfunnsoppgåve; å vere ein kunnskapsaktør og bidra til ei berekraftig utvikling av bygde- og lokalsamfunn. Fokus ved HGUt er å ha eit spissa fagmiljø på nettopp dette område.



Det er fleire faktorar som påverkar moglegheit til auke av talet på studieplassar:

Alle forelesarane er involvert i forskingsprosjekt, dette er naudsynt både for å få tilstrekkeleg med oppdragsinntekter til drift, og for at institusjonen skal sikre kvalitet i utdanninga ved å gje studentane oppdatert og samfunnsrelevant kunnskap. Dette legg ei naturleg avgrensing på studenttalet og kor mange studentar som er mogleg å følge opp.

Førelsningsrommet ved høgskulen har ei avgrensing på 20 studentar som kan delta lokalt på Bryne. Digital undervisning gjer det likevel mogleg at fleire studentar kan delta via videokonferansesystem. Talet på studentar kan førebels ikkje overstige 20 pr. klasse, dette heng saman med kapasitet hos studieleiarar sett i samanheng med oppfølging av studentane.

Ved auka statstøtte kunne ein frigjere meir ressursar til førelsningsaktivitet, utviding av førelsningslokalar og teknisk utstyr slik at skulen kan køyre kurs parallelt.

6 Førebels årsrekneskap (inkludert leiingskommentar)

Førebels årsrekneskap med nøkkeltal samt leiingskommentarar er tilgjengeleg på denne lenkja:

https://dbh.nsd.uib.no/statistikk/dokumenter_htmlRapport.action?undermeny=statistikk_dokumenter&tabellId=408&sektorKode=2&valgtArstall=2020

Endeleg årsrekneskap med revisorsberetning vil bli rapport på vanleg måte gjennom DBH.

7 Vedlegg 1 - Årsmelding 2020

ÅRSMELDING

2020

Årsmelding 2020

Høgskulen for grøn utvikling – stifting (HGUt)

HGUt har hatt kontoradresse og hovudadministrasjon i Arne Garborgs veg 22, 4340 Time kommune.

Undervisninga skjedde i Serigstadbygget, i saman med desentraliserte kurs og samlingar. HGUt benyttar seg aktivt av digital undervisning og difor er det no fleire studentar som får høve til å følgja undervisninga på Bryne frå andre stader i landet.

Alle våre studentar gjekk enten på bachelorprogrammet Bachelor i nyskaping og samfunnsutvikling (nyskaping og regenerativ utvikling frå hausten) eller på enkelttemner.

HGUt har vore involvert i ei rekke forskings- og utviklingsprogram i 2020 og har produsert faglege publikasjonar.

HGUt har i meldingsåret hatt 7 fast tilsette (3 fulltid), og to med timeavtalar.

Det er 3 kvinner og 4 menn i 2020.

Fagstaben bestod av 5 tilsette, der det er 25% toppkompetanse, 25 % førstekompetanse, og 50 % grunnkompetanse. Totalt 5,1 faglege årsverk.

Det er ikkje registrert skader eller ulukker på arbeidsplassen i 2020.

Det er ikkje forhold ved verksemda som påverkar det ytre miljøet.

Det er heller ikkje stilt garanti eller lån til tilsette, styremedlem eller andre.

Vurdering av utsiktene for vidare drift:

Frå 01.01.20 hette organisasjonen Høgskulen for grøn utvikling – stiftelse (HGUt). Før dette hette organisasjonen Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling – samvirke (HLB). Endringa frå HLB til HGUt skjedde grunna offentlege krav til eigarform i privat høgskuleutdanning, men også for å sikra sjølvstende og akademisk fridom i forskings- og utdanningsarbeid.

Ved organisasjonsendringa måtta HLB avviklast. Alle dei langsiktige fordringana til HLB måtte nedskrивast. Nokre av dei kortsiktige fordringana blei overført til HGUt då det var sannsynlegheit for at dei ville bli innfridde. Men i løpet av meldingsåret blei alle fordringane konstatert tapt, og måtte derfor førast som tap for HGUt. Fordringana hadde ein samla verdi på ca 600 000,-. Dette, saman med lågare prosjektinntekter som følgje av covid-19, gav eit lågare årsresultat enn venta.

Rammevilkåra for vidare drift av høgskulen er no betre. For det første fordi gamle fordringar no er nedskrивne, men først og fremst pga veksande fokus på grøn verdiskaping i samfunnet og difor auka studentmengd.

Høgskulen har den siste tida satsa sterkt på regenerativt landbruk, og me ventar å sjå ei auking i studentantal og -inntekter i det komande året. Den første veksten såg me alt i 2019, med vesentleg høgare studentinntekter i haustsemesteret enn i vårsemesteret.

Frå 01.01.20 har høgskulen ny organisasjonsform og også nytt styre. Dette styret er innforstått med at den økonomiske situasjonen til gamle HLB dei siste åra var utfordrande. Likevel ser ein at nisja som høgskulen utviklar synest å vera meir relevant enn på lenge. Føresetnaden er til stades for ei betydeleg samfunnsendring i den regenerative (naturfornyande) retning høgskulen arbeider mot. Dette kan gjera institusjonen svært aktuell i åra framover.

Den nye HGUt (starta i 2020) skal utarbeida ein strategi og oversikt over ulike finansieringsmoglegheter for 2021, og det nye styret skal ha ei tydelegare rolle som aktiv deltakar i implementeringa av denne strategien. Det skal og jobbast vidare med å styrkje det økonomiske grunnlaget for høgskulen gjennom auka studentinntekter og kostnadskontroll.

Styret meiner at grunnlaget for vidare utvikling av høgskulen etter dei måla som gjeld for høgare utdanning er god ved utgangen av dette meldingsåret.

Styret i HGUt vil tilrå vidare drift.

Bryne 24.02.2021